

Førebuing/Forberedelse

21.11.2012

REA3015 Informasjonsteknologi 2

Nynorsk

Informasjon til førebuingsdelen	
Førebuingstid	Førebuingstida varer éin dag.
Hjelpemiddel	<p>På førebuingsdagen er alle hjelpemiddel tillatne, inkludert bruk av Internett.</p> <p>På eksamen er alle hjelpemiddel tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.</p>
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Det er ingen vedlegg.
Andre opplysningar	Førebuingsdagen er obligatorisk skoledag. I førebuingstida kan du samarbeide med andre, finne informasjon og få rettleiing.
Informasjon om vurderinga	Sjå vurderingsrettleiinga med kjenneteikn på måloppnåing til sentralt gitt skriftleg eksamen. Vurderingsrettleiinga finn du på utdanningsdirektoratet.no .

Tema: Applikasjonar til konkurransar i tv-program

Dei siste åra har det vore fleire underhaldningsprogram på tv der utøvarar konkurrerer i ulike øvingar. Konkurransane går ofte føre seg på denne måten: Utøvarane samlar poeng, og etter kvart program må éin eller fleire utøvarar ut, heilt til ein står att med ein vinnar.

Eit eksempel på eit slikt program er Mesternes mester på NRK, der tidlegare toppidrettsutøvarar konkurrerer i konkurransegreiner som hinderløype, bogeskyting, balansekunst, klatring med meir. Sjølv om Mesternes mester ikkje skal først vidare på NRK, er det venta at slike programkonsept blir utvikla i nye former, for programma er svært populære.

Tenk deg at ei regionavis nær deg, for å utnytte interessa rundt programma, ønskjer å utvikle nettbasert materiale til slike tv-program, mellom anna nokre testsider. Avisa ønskjer å byggje nettsider som mellom anna har animasjonar knytte til temaet, og applikasjonar som sjåarane kan bruke mens konkurransane er i gang.

På eksamensdagen får du oppgåver som er knytte til ei slik problemstilling. Programmet Mesternes mester blir brukt som eksempel for oppgåvene, så du bør setje deg inn i korleis dette programmet er bygd opp.

På eksamen vil du få utlevert bilet- og lydmateriale som du skal bruke i animasjonane og applikasjonane. Desse filene er pakka i ei fil (fila ligg ved i to format: .rar og .zip). Lydfilene er lagde ved i .mp3-format. Lydfilene skal redigerast og brukast i ein applikasjon. Dersom du ikkje kan redigere og bruke mp3-filer, må du sørgje for å ha programvare som kan konvertere filene til det formatet du treng.

Du bør ha med deg hovudtelefonar på eksamen.

Bokmål

Informasjon til forberedelsesdelen	
Forberedelsestid	Forberedelsestiden varer én dag.
Hjelpemidler	<p>På forberedelsesdagen er alle hjelpemidler tillatt, inkludert bruk av Internett.</p> <p>På eksamen er alle hjelpemidler tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.</p>
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettsadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Det er ingen vedlegg.
Andre opplysninger	Forberedelsesdagen er obligatorisk skoledag. I forberedelsestiden kan du samarbeide med andre, finne informasjon og få veiledning.
Informasjon om vurderingen	Se vurderingsveiledningen med kjennetegn på måloppnåelse til sentralt gitt skriftlig eksamen. Vurderingsveiledningen finner du på utdanningsdirektoratet.no .

Tema: Applikasjoner til konkurranser i tv-programmer

De siste årene har det vært flere underholdningsprogrammer på tv der utøvere konkurrerer i ulike øvelser. Konkurransene foregår ofte på denne måten: Utøverne samler poeng, og etter hvert program må én eller flere utøvere ut, helt til man står igjen med en vinner.

Et eksempel på et slikt program er Mesternes mester på NRK, der tidligere toppidrettsutøvere konkurrerer i konkurransegrener som hinderløype, bueskyting, balansekunst, klatring med mer. Selv om Mesternes mester ikke skal videreføres på NRK, er det ventet at slike programkonsept blir utviklet i nye former, for programmene er svært populære.

Tenk deg at en regionavis nær deg, for å utnytte interessen rundt programmene, ønsker å utvikle nettbasert materiale til slike tv-programmer. Avisen ønsker å bygge nettsider som blant annet har animasjoner knyttet til temaet, og applikasjoner som seerne kan bruke mens konkurransene pågår.

På eksamensdagen får du oppgaver knyttet til en slik problemstilling. Programmet Mesternes mester vil bli brukt som eksempel for oppgavene, så du bør sette deg inn i hvordan dette programmet er bygd opp.

På eksamen vil du få utlevert bilde- og lydmateriale som du skal bruke i animasjonene og applikasjonene. Disse filene er pakket i én fil (filen ligger ved i to formater: .rar og .zip.) Lydfilene er lagt ved i .mp3-format. Lydfilene skal redigeres og brukes i en applikasjon. Dersom du ikke kan redigere og bruke mp3-filer, må du sørge for å ha programvare som kan konvertere filene til det formatet du trenger.

Du bør ha med deg hodetelefoner på eksamen.



Schweigaards gate 15
Postboks 9359 Grønland
0135 OSLO
Telefon 23 30 12 00
utdanningsdirektoratet.no